

Innspel til søknad om frådeling gbnr 56/14-15. Saksnr 16/2496.

Tilkomst til eigendomen:

Det blir vist til vegrett over gbnr 56/13. Vegretten over 56/13 gjeld gbnr 56/14-15, det forelegg inga veirett for ein utskild parsell. Det blir vist til at det må vere ein avtale med brukarane av vegen kva det gjeld vedlikehald m.m. Ein slik avtale forelegg ikkje.

Hensyn til landbruksland:

Først må det påpeikast at gbnr 56/14-15 er ein konsesjonsbelagt eigendom med aktiv drift, og i så måte bør omsyn til garden vere tungvegande i vurderinga av saka. Eigendomen har i dag begrensa innmarksresursar, og områda på, og rundt, parsellen som blir søkt fråskild utgjør viktig innmarksbeite for garden.

Grunneigar vurderer parsellen som verdiløst i landbrukshensjåande. Dette medfører ikkje riktighet. Heile arealet som er søkt utskild vert i dag beita, og sjølv om karta viser at areala mellom løa er skogkledd, er alt areal rundt husa innmarksbeite. Noko ein eventuell synfaring vil kunne avdekke. Løa vert og vurdert som verdiløst for drifta, og her må det informerast at løa vert nytta som fôringsplass og til handtering av dyra. Det medfører ikkje riktighet at tilkomst til løa er problematisk, då traktorvegen sørover ligg rett framfor løa. Bygningsmassen vert karakterisert som i dårleg stand, men alt av tak og vegg er inntakt, og vestvegg er bytta i nyare tid, og overflatene er malte.

I tillegg til innvendingane ovanfor må det påpeikast at den største byrda for drifta vil vere at ein får utskild ein eigendom midt i dei viktigaste innmarksbeitene på garden. Dette har potensiale til og skape konflikter, både med beitende dyr, og bruk av maskinar og utstyr. Vidare vil delar av vegen som knyttar dei nordlege delane av garden saman med dei sørlege delane av garden, gå over den nye parsellen. Ein vil då hindre tilkomst til innmarksbeitene sør for den nye parsellen, samt eit stort utmarksbeite og store skogområder vidare sørover. Ein eventuell flytting av denne vegen er heller ikkje ukomplisert, og vil beslaglegge ytterlegare beiteområde.

Tilkomsten til den nye parsellen vil krysse store delar av garden, og i så måte kunne føre til konflikter med gardsdrifta.

Til slutt må det påpeikast at små landbrukseigendomar lik denne er særleg utsatt for nedlegging. Dette mellom anna fordi gardane er tungdrevne, små og med marginale innteningsmoglegheter. Husa søkt utskild kan vere eit godt utgangspunkt for utvikling av attåttnæringar på garden, og ei utskilling av parsellen vil i så måte gjere garden mindre driveverdige enn det den er i dag.

Håper momenta vert tatt omsyn til i vurderinga av saken.

Venleg helsing
Andreas Hundvin